

Nytt fra



Nr 3/2011

5. årgang

Informasjonsblad for medlemmene i Smøla historielag og andre lokalhistoriske interesserte.

Vi prøver også å lage ei e-postadresseliste som kan bli nytta til å gi rask informasjon til våre medlemmer om aktuelle saker. Så legg gjerne med e-postadresse når du tek kontakt.

Smølaminne 2011

Dette medlemsbladet kjem saman med årboka vår, Smølaminne 2011. Her finn du også innbetalingsgiro for medlemskontingenten i 2012.

Kontingenten blir 200 kr fra 2012 og betales til konto 3936.2042805. Da er Smølaminne 2012 med. Hugs å føre på namn og kva beløpet gjeld. Det vil lette arbeidet for kasseraren.

God jul

Styret ynsker alle medlemmer med familie og samarbeidspartnarar ei god julehelg

Så møttest vi i det nye året med opne møte, medlemsblad og idéutveksling elles.

God jul og godt nytt år!



Bokprosjektet: Slåttar, salmar, stev og stubbar

ser ut til å bli realisert no. Finansieringa er så godt som på plass. Sparebank 1 Møre, Smøla kommune v/Salmarfondet, Rådet for folkemusikk og folkedans, Nordmøre Historielag v/Jan H. Leithes minnefond, Smølavinduet A/S, Legeregnskap A/S og Hopen Brygges Venner har gitt positivt tilsagn om støtte. Så på nyåret i 2012 vil vi venteleg ha ei flott bok å tilby.

Adopter ein eidsvollsmann

Riksarkivet og DIS har eit prosjekt på gang om å finne etterslekter til eidsvollsmennene. Det var 112 menn på Eidsvoll i 1814. Noen av dei har stor etterslekt, andre kanskje ingen etterslekt. Om vel 2 år er Norges grunnlov 200 år. Det vil vera riktig å markere det på ein verdig måte. Gå inn på www.eidsvollsmenn.no og sjå om det er noko for deg.

Formannskapslovene er 23 år yngre enn grunnloven, men det kan vera interessant å sjå på herredstyre-



/formannskapsprotokollen for 1914. Smøla var ein kommune da og med namnet Edø. Denne protokollen er overført til DVD-plate av Senter for digitalisering av kulturarven (SEDAK). Den er ikkje lagt ut på nett. Kanskje det kan skje før 2014.

Nytt kommunestyre med ny ordførar har vi også fått. Vi gratulerer og ynsker lykke til med arbeidet .

Vi håpar også at dei vil sjå verdi i arbeidet for å ta vare på kulturarven.

Så kjem åra framover. I 1915 vart Edø kommune delt i tre. Det er no historie, og vi feira samanslåinga i fjor.



Men i 2015 er det 100 år sia leiglendingsvesenet på Smøla tok slutt. Den siste eigaren av Smølagodset, Nicolai Volckmar fra Kristiansund, selde sine eigedommar til dei tre kommunane. Som igjen selde dei enkelte bruka til dei som leigde jordeigedommane. Det er ein del av historia som det er vel verdt å sjå nærare på.

Det var på 1600-talet at den tyskfødde trondheimskjøpmannen Lorentz M. Angel kjøpte "Smølagodset" av kongen. Sia hadde det skiftande eigarar, og noen av dei selde unna gardpartar for å skaffe seg pengar. Men den store delen av Smøla hadde Nicolai Volckmar. Fiskeværa var ikkje med i dette oppgjeret.

Fra aktiviteter i sommar og haust:

Det var ein svært vellykka tur til Ringsøya 30. juli. Anne og Randi Gustad og Eirik Heggemsnes tok imot oss med entusiasme. Stor takk til familien for utvist gjestfrihet.



Og 17. september var det bygdevandring på Nordvika. Der fekk vi med oss krigshistorie, industrihistorie, handels-historie og kommunehistorie. Lars Roksvåg hadde gjort eit godt forarbeid.

Kanskje kan vi ta eit temamøte med tema om festningsanlegga som var i området Nordre Nordmøre under krigen. Det var anlegg på Nordvika, Edøya og Melan.

Adresser

Heimesida vår finn du på www.smola.historielag.org

og her kan du kontakte oss: post@smola.historielag.org

Ved tipping er vi glade for grasrotandelen, og her er organisasjonsnummeret: 993 883 581.

Tillitsvalde i Smøla historielag:

Leder: Karle Gjernes

- 71541179/95826251
- epost: karlegje@online.no
- leder@smola.historielag.org

Sekretær: Peggy Kruse

71 54 31 33/482 42 788

epost: peg-krus@online.no

Nestleder: Kjell Gundersen

95286704

epost: kgunna-g@online.no

Lars Rosvoll

71540309/92622283

epost: lars@rosvoll.no

Judy Rangnes

71541138/95701908

epost: judyrangnes63@hotmail.com

Varamedlemmer:

Lars Roksvåg

71541718/91758388

epost: lars-arnfinn.roksvaag@neasonline.no

Bjørg Karin Severinsen

71 54 11 88/952 74 695

epost: bjoergse@hotmail.com

Kjell Petter Walseth

71 54 33 85/918 67 718

epost: kjell.walseth@c2i.net

Kasserar: Jonna Tang Kuløy

71 54 32 29/95 14 44 38

epost: jonnatan@online.no

Revisor: Svein Ivar Iversen

Vararevisor: Svein Rangnes

Redaksjon Smølaminne 2011:

Lars Roksvåg 71 54 17 18/917 58 388

epost: lars-arnfinn.roksvaag@neasonline.no

Reidun Åstasund 71 54 12 90/907 95 407

epost: reidun40@hotmail.com

Bjørg Træthaug 71 54 02 31/918 39 730

epost: bjor.trathaug@neasonline.no

Lars Rosvoll 71 54 03 09/926 22 283

epost: lars@rosvoll.no

Korrekturlesar: Svein Rangnes

Trykk : Holm Grafisk